



ØYGARDEN 2020

Magasin for tilsette i Sund, Fjell og Øygarden



Sæle, Sund

Ein god start var viktig for prosjektet

- Mykje av grunnlaget for å lukkast med bygginga av den nye kommunen vart lagt tidleg i februar 2016, seier Kari-Anne Landro.



Optimistisk prosjektrådmann

Prosjektrådmann Rune Lid seier at det er mykje kompetanse i dei tre kommunane i vest.



Kari-Anne Landro

Ein god start var viktig for prosjektet

- Mykje av grunnlaget for å lukkast med bygginga av den nye kommunen vart lagt tidleg i februar 2016. Vi starta arbeidet i felles forhandlingsutval med to heildagsmøte på Panorama Hotell & Resort. Det var svært god stemning, og vi fekk god tillit til kvarandre heilt frå starten, seier ordførar i Sund, Kari-Anne Landro.



Innhald

- Ein god start var viktig for prosjektet
- Kva vil vi med dette bladet?
- Rune Lid er ny prosjektrådmann
- Optimistisk prosjektrådmann
- Tilsette om deira forventning til Nye Øygarden kommune
- Nytt frå partssamansett utval
- Representasjon i arbeidsgrupper
- Mange store saker i juni
- Nytt frå fellesnemnda
- Arbeid med reglement og løn
- Arbeidet med lokaldemokrati og identitet er i gang
- IKT er i godt gjenge
- Sluttbehandlar sak om eigarskap og styringsstruktur
- Studietur til Danmark
- Ny leiar i fellesnemnda
- Administrativ organisering
- Markerte seg på konferanse
- Følgjer opp omstillingsavtale
- Øygarden kommune og FjellVAR samarbeider



Blomvåg, Øygarden



Nautnes, Øygarden

Copyright 2018 - Øygarden 2020

Trykk: Molvik Grafisk AS

Opplag: 3.700

Redaksjon: Vagleik Brekke (red.),

Kaja Pedersen, Jarle Kåre Oen,

Trude Erstad Villanger og

Hildegunn Høyland

Grafisk utforming: Monica Hovland

Foto: Monica Hovland, Geir Jensen,

Leif Magne Vik, Eva Olsvold, Jørn

Ingvaldsen og Vagleik Brekke.

Landro har leia fellesnemnda sidan oktober 2017. Leiinga av fellesnemnda går på rundgang, og den 1. juni overlet ho leiarvervet til ordførar i Øygarden, Børge Haugetun. Landro meiner det var godt for prosjektet at det vart gjennomført sju effektive og intense heildagsmøte i løpet av fire veker i februar/mars 2016.

Det første halvåret vart det mellom anna gjennomført ei innbyggjarundersøking i dei tre kommunane. I neste fase (november 2016-juni 2017) var det førebua fellesnemnd som var det øvste organet for arbeidet med kommunereforma.

- I den fassen famla vi nok litt meir. Mandatet var avgrensa, men vi fekk gjennomført fleire nyttige kartleggingar, seier Kari-Anne Landro.

- Kva har vore mest gjevande med dette arbeidet?

- Eg opplever at vi etter kvart meir og meir tenkjer som ein kommune. Eit døme på dette er saka om framtida for elevane på Tellnes skule i Fjell som enda opp med at elevane frå den krinsen frå hausten av skal på Skogsvåg skule i Sund. Samarbeidet med dei to andre ordførarane har betydd svært mykje for meg. Eg håpar at dette gode samarbeidet har spreidd seg til dei andre politikarane, administrasjonen og dei tilsette i kommunane, seier ho.

Endring i prosjektleiinga

I slutten av mars slutta Paul Manger som prosjektleiar. Dei tre rådmennene skal ha ei sentral rolle i styringa av prosjektet, og Sund-rådmann, Rune Lid, vert prosjektrådmann fram til utgangen

av 2018. Frå første januar 2019 skal rådmannen for den nye kommunen vera på plass.

- Våren vart litt annleis enn vi tenkte då det vart skifte av prosjektleiing, men eg meiner vi klarte å løysa det på ein god måte. Rådmennene vert meir sentrale i arbeidet framover, ikkje minst ettersom dei rår over mange ressursar i kommunane, seier Landro.

- Kva hastar mest no?

- No handlar det om å få på plass den overordna administrative organiseringa og få namn inn i «boksane». På eit seminar i regi av KS på Gardermoen i april (KS: fellesorganisasjon for kommunane) vart det understreka at når den administrative organiseringa er på plass, vert ansvaret fordelt og arbeidet vil gå lettare. Dette reknar eg med er på plass tidleg i haust, seier den nyleg avgåtte leiaren i fellesnemnda.

Landro vedgår at det har vore ei utfordring å finna forma på heile prosjektet og korleis ein skal skilja mellom den ordinære drifta i kommunane og samstundes frigje ressursar til å arbeida med å byggja den nye kommunen.

- Dette er stort og nytt. Målet er viktig og vi må sjå heilskapen, men samstundes må vi bryta det ned til enkelprosjekt og delprosjekt, seier Landro.

Vil ta godt vare på dei tilsette

- Forstår du at ein del tilsette kjenner på uvisse og uro for arbeidssituasjonen sin?

- Ja, det er naturleg at dei tilsette er spente på den endringa dei står framfor. Vi har etablert eit godt samarbeid i partssamansett utval (samansett av ni politisk valde medlemmer og seks representantar frå dei tillitsvalde, red. merkn.). Vi har fått vedteke ein omstillingsavtale som gjev gode prosessar og som sikrar at arbeidsgjevar tek godt vare på dei tilsette. Eg opplever at det er eit godt samarbeid mellom politikarar, administrasjon og dei tilsette, seier Landro.

Ho er varsam med å gje råd til Børge Haugetun som tok over som leiar av fellesnemnda for to veker sidan. Men litt vågar ho å seia.

- Han får god støtte frå dei to andre ordførarane om han held fram den gode modellen med leiargruppa samansett av dei tre ordførarane. Eg forventar ikkje noka stor endring når det no vert ein annan som leiar fellesnemnda, seier Kari-Anne Landro som har vore ordførar i Sund sidan oktober 2013.

- Eg tok over som den første kvinnelege ordføraren i Sund nøyaktig hundre år etter at kvinnene fekk allmenn røysterett ved stortingsval, seier ho.



Kva vil vi med dette bladet?

Med bladet Øygarden 2020 ønskjer prosjektleiinga for Nye Øygarden å gje informasjon om arbeidet med å byggja ein ny kommune. Dette vert gjort i samarbeid med representantar frå organisasjonane til dei tilsette. I dette bladet prioriterer vi informasjon som er relevant for dei tilsette i Sund, Fjell og Øygarden.

Øygarden 2020 skal etter planen koma ut med fire årlege utgåver fram til utgangen av 2019. Oppdatert informasjon vil du finna på: nyeoygardenkommune.no og Facebook-sida vår.

Rune Lid har overteke som prosjektrådmann

Fellesnemnda vedtok den 16. april at rådmann i Sund, Rune Lid, vert prosjektrådmann for Nye Øygarden kommune fram til utgangen av 2018. Det er leiargruppa, samansett av dei tre ordførarane i Sund, Fjell og Øygarden, som i samråd med rådmennene har utarbeidd denne mellombelse løysinga for prosjektstyringa av Nye Øygarden kommune. Prosjektleiari Paul J. Manger slutta i stillinga som prosjektleiar like før påske etter eige ønske.

Rådmennene i dei tre kommunane skal ha ei særskilt rolle i styringa av prosjektet. Rune Lid har sagt seg villig til å vera prosjektrådmann ut dette året inntil ny rådmann for den nye kommunen er tilsett frå 1. januar 2020. Rune Lid får tilbod om stillinga tilsvarande assisterande rådmann frå og med januar 2020.

Optimistisk prosjektrådmann

- Når eg høyrer kva kompetanse som er representert rundt bordet her i dag, er eg trygg på at dette vil gå bra. Det sa prosjektleiar Rune Lid då han ønskte knapt 30 leiarar og tillitsvalde frå dei tre kommunane velkomne til leiarsamling i midten av mai.



Hovudtema for samlinga var den overordna administrative organiseringa for Nye Øygarden kommune. Rådmennene har drøfta dette i fleire møte etter at Rune Lid vart tilsett som prosjektrådmann den 16. april. Dei hadde i forkant av leiarsamlinga sendt ut eit prinsippnotat. Der tilrådte rådmennene at den nye kommunen vert leia som ein»to-nivå-kommune» med kommunalsjefar.

Rune Lid har tidlegare erfaring frå omstilling i større selskap og konsern. Han ser fleire likskapar i dei omleggingane desse selskapa var gjennom og det han no arbeider med som prosjektrådmann for Nye Øygarden kommune.

Prosjektrådmannen legg ikkje skjul på at Nye Øygarden kommune er på etterskot samanlikna med andre kommunesamanslåingar det er naturleg samanlikna seg med.

– Eg meiner vi faktiske ligg om lag eit halvt år etter der vi burde vera. No vil eg prioritera å ta igjen den tapte tida, seier Lid.

Skal ta vare på dei tilsette

No skal tre kulturar smeltast saman. Det er viktig at vi snakkar kvarandre opp og erause overfor kvarandre og respekterer at det er mykje kompetanse i alle kommunane. Rune Lid har forståing for at tilsette

i dei tre kommunane vert usikre på si eiga framtid i ein ny kommune. Her viser han til intensjonsavtalen.

– Ingen skal mista jobben som følgje av kommunesamanslåinga. Det er mykje kompetanse i dei tre kommunane som vi har bruk for i den nye kommunen. Vi skal gjera alt vi kan for å redusera den eventuelle uvissa som finst blant dei tilsette. Vi har ambisjonar om å få på plass ein organisasjon som har dei beste folka med gode haldningar, erfaring og kompetanse. I utgangspunktet vil vi rekruttera kommunalsjefar internt, men det er likevel ei lita opning for ekstern rekruttering i unntakstilfelle, sa Lid.

Rune Lid understrekar at no må vi identifisera, prioritera og setja dei rette ressursane inn på det som vi skal arbeida med fram til den nye kommunen er ein realitet frå januar 2020.

– I arbeidet med å byggja den nye kommunen, er vi ikkje Fjell, Sund eller Øygarden. Det handlar ikkje om dei og oss. No er vi oss og Nye Øygarden kommune. Frå og med i dag oppmodar eg oss alle til å tenkja og handla som om vi er ein kommune, sa Lid.

Fellesnemnda skal ta stilling til den overordna administrative modellen i møtet den 18. juni. Rune Lid reknar med at kommunalsjefane vert tilsette i løpet av august.

Kva forventning har du til Nye Øygarden kommune?

Blandina Pagapong Eikeseth

Reinholdseininga | Sund kommune



Sidan mannen min er sjømann, er eg avhengig av å kunna følgja våre barn til barnehagen i opningstida. Eg arbeider som ringevikar i Sund kommune og trivst veldig godt i jobben min, saman med gode kollegaer. Derfor håpar eg å få høve å halda fram å jobba her sør etter vi er blitt ein ny storkommune.

Natalie Sæberg

Arealavdeling | Sund kommune



-Eg håpar at organiseringa i den nye kommunen fører til eit sterkare fagmiljø og god samhandling mellom tenestene. Samstundes håpar eg at leiinga og tillitsvaldsapparatet får til eit godt samarbeid som sikrar gode løysingar for dei tilsette.

Mons Terje Alvheim

Vaktmeister | Øygarden kommune



Eg ser fram til å møta nye kollegaer og få nye impulsar. På same tid har eg forventningar om å kunna halda fram som vaktmeister innanfor noverande Øygarden sine bygg og anlegg.

Ove Geir Stusdal

Leiar i førebyggjande avdeling i Øygarden brann og redning (ØBR) | Øygarden kommune



Mitt håp er at Øygarden brann og redning i framtida får eit tettare samarbeid med til dømes fageiningane helse- og omsorg, byggjesak og planavdelinga i den nye kommunen. Dette bør bli lettare med ein kommune i staden for tre. Felles førebyggjande prosjekt retta mot risikogrupper og felles tilsyn er døme på samarbeid.

Richard Saure

Driftsmedarbeidar renovasjon FjellVAR | Fjell kommune



Eg håpar vi kan halda fram med å vera til stades, yta service og levera tenester til innbyggjarane slik vi gjer i dag. Det er positivt at vi som arbeider her har kjennskap til lokale forhold. Eg håpar at den nye kommunen sjølv vil ta ansvaret for renovasjon.

Christine Turøy

Barnevernet | Fjell kommune



Eg trur ei samanslåing av kommunane vil skapa større og betre fagmiljø. Eg tur også at større fagmiljø skapar betre tenester og gjer kommunen til ein attraktiv arbeidsplass.



Nytt frå partssamansett utval (PSU)

Mars

PSU behandla framlegg til omstillingsavtale og innarbeidde fleire endringar i avtaleutkastet. Administrasjonen skal innarbeida endringa i utkastet før det vert lagt fram til endeleg vedtak i PSU.

April

PSU vedtok omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Omstillingsavtalen regulerer arbeidsgjevarpolitiske spørsmål og utfordringar i samanslåingsprosessen fram til nytt kommunestyre er konstituert i den nye kommunen. Avtalen legg til grunn at kommunesamanslåinga inneber verksemdsoverdraging etter arbeidsmiljølova der alle dei tilsette vert overførte til Nye Øygarden kommune frå 1. januar 2020.

Representasjon i arbeidsgrupper

Den 22. mars slutta PSU seg til innstillinga frå prosjektleiaren om at partssamansett utval vedtek representasjon i partssamansette arbeidsgrupper fortløpande.

Med ni røyster vart det vedteke at det vert frikjøp for éin representant frå Akademikarane og éin representant frå YS (Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund) for kommunane Sund, Fjell og Øygarden i 20 prosent stilling fram til utgangen av 2019. Mindretalet på seks medlemmer i PSU røysta for at Delta/YS og Akademikarane får 20 prosent frikjøp kvar for kommunane Fjell, Sund og Øygarden for perioden 1. april 2018 til 31. desember 2019 til arbeid i samband med kommunesamanslåing.



Golta, Sund



Sotraplassen, Sartor Storsenter, Fjell

Mange store saker vert behandla i juni

Dette bladet har gått i trykken før møta i partssamansett utval (PSU) den 12. juni og fellesnemnda den 18. juni. Dermed oppmodar vi deg til å følgja med på nettsida til Nye Øygarden kommune for å verta oppdatert på vedtak i sakene. Der vert det lagt ut nyheitssaker og møtebok frå møta i PSU og fellesnemnda.

Døme på saker som skal opp i juni er overordna administrativ organisering, eigarskapsstruktur, politisk organisering og endring av adressenamn.

Sjå: www.oygardenkommune.no og nyeoygarden.kommunetv.no





Hjeltefjorden arena, Øygarden



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Opning av Hjeltefjorden arena

Bli kjent med fleire kulturarenaer i Nye Øygarden kommune. Velkomen til opning med konsert, korslag, foredrag, Øygardsmila, marknadsgata og open idrettsdag som framhevar Hjeltefjorden arena som ei anvendeleg storstove for alle i vår nye kommune.

Fredag 24. august kl. 20 - 22
Konsert med YLVIS.

Fredag 24. august kl. 19 - 22
Øygardsmarknad utanfor Hjeltefjorden arena
- aktivitetsbodar og stands.

Laurdag 25. august kl. 09 - 15

- Kl. 12 - Øygardsmila, løpet startar frå Hjeltefjorden arena
- Kl. 09 - 15 Øygardsmarknad utanfor Hjeltefjorden arena - aktivitetsbodar og stands.
- Kl. 19 - 22 Det store korslaget mellom Øygarden, Sund og Fjell - her kan ein gå vidare til Milafesten på Torsvikhuset etterpå.

Sundag 26. august kl. 12 - 16
Open hall med mange aktivitetar heile dagen.

Meir informasjon www.oygarden.kommune.no



Nytt frå fellesnemnda

Mars

- Fellesnemnda ber om at det i løpet av hausten 2018 vert lagt fram ei sak for fellesnemnda om kommunal tenestepensjon for den nye kommunen. Saka skal mellom anna ha bakgrunn i ei gjennomført kartlegging frå juni 2016 om noverande tenestepensjon i dei tre kommunane.
- Fellesnemnda godkjenne framlegg til budsjett for fellesnemnda for 2018 og 2019. Budsjettet vert teke opp til vurdering og revidering gjennom prosjektperioden. Budsjettet har ei ramme på 18,1 millionar kroner i 2018 og 14,6 millionar kroner i 2019.

April

- Fellesnemnda godkjenne mellombels styringsmodell for prosjektorganisasjonen. Dei tre rådmennene skal ha eit særskilt ansvar for å gjennomføra prosjektet, medan Rune Lid vart tilsett som prosjektrådmann fram til 31. desember 2018.
- Prosess og tidsplan for å tilsetja ny rådmann vart godkjend.
- Sluttrapport for politisk styringsstruktur, med to hovudutval, vart vedteken lagt ut på høyring i dei tre kommunestyra. Saka kjem tilbake til fellesnemnda i juni. Utvalet har lagt til grunn ein politisk organisasjonsmodell med to hovudutval.
- Fellesnemnda vedtok å leggja sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar ut på høyring.
- Nye Øygarden kommune er positiv til å delta i ei prøveordning til Helse- og omsorgsdepartementet om å overta ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta i dei tre kommunane.



Klokkarvik, Sund

- Det er spennande å arbeida med reglement og løn

Hovudtillitsvald for Utdanningsforbundet i Øygarden, Vibecke Hodnekvam, har teke på seg ei krevjande oppgåve. Ho leiar arbeidsgruppa for reglement og lønspolitikk for den nye kommunen.



- Eg opplever dette som eit spennande arbeid. Det er mykje likt i reglementa i kommunane, men ein del ting løyser vi på ulike måtar. Døme på dette kan vera korleis vi gjev påskjønning til dei tilsette, seier Hodnekvam.

Det overraska nok ein og annan på erfaringskonferansen til KS (fellesorganisasjon for kommunane) i april då ho på eit seminar fortalde at ein tillitsvald var leiar for arbeidet med reglement- og lønspolitikk i Nye Øygarden kommune. Arbeidsgruppa er samansett av tre tillitsvalde for hovudsamanslutningane og tre frå arbeidsgjevar (personalavdelingane i dei tre kommunane), men dei personalansvarlege i kommunane utfordra ein tillitsvald til å leia arbeidsgruppa.

Partssamansett utval vedtok i januar å nemnda opp tre arbeidsgrupper innan arbeidsgjevarpolitikk. I samsvar med saksutgreiinga har ein prioritert arbeidet med reglement og lønspolitikk, og det er denne gruppa Hodnekvam no har leia. Dei to andre gruppene omfattar partssamarbeid og kompetanse og utvikling og startar opp seinare.

Møte kvar veke

I perioden 14. februar til 23. april har arbeidsgruppa stort sett hatt møte kvar måndag i tillegg til nokre «onsdagsmøte». Denne våren er arbeidet avgrensa til reglement. Framlegg til reglement vert behandla i partssamansett utval den 12. juni. Arbeidet med lønspolitikk startar opp etter ferien.

For å unngå å koma tidsmessig bakpå, gjennomførte gruppa to møte i veka i startfasen. Seinare var det heildagsmøte kvar måndag. Gruppa starta med arbeidsreglementet som gruppa rekna med ville ta lengst tid. Dei andre reglementa som stod på dagsorden i vår, var permisjonar, tilsetjing, påskjønning og velferd. Undervegs er dei førebelse utkasta sendt til andre tillitsvalde og arbeidsgjevar for å få innspel og kommentarar.

- Vi har gått gjennom reglementa i dei tre kommunane, samanlikna, såg på beste praksis, fornya og laga noko nytt til eit felles reglement. Vi har funne ei god arbeidsform der vi skriv oss ferdig i møta. Eg opplever at vi har eit godt samarbeid i arbeidsgruppa og med personalsjef i Fjell, Lisbeth Grosvold, som har koordineringsansvaret, seier Vibecke Hodnekvam.

Lønspolitikk

Arbeidet med lønspolitikk startar altså opp etter ferien. Etter planen skal retningslinjer og prinsipp for lønsdanning og harmonisering liggja føre andre halvår 2018.

- Eg trur nok at det kan vera større skilnader mellom kommunane når det gjeld lønspolitikken enn reglementa vi har arbeidd med i vår. Hausten vert nok prega av arbeidet med lønspolitikk, men eg gler meg til å ta fatt på denne delen av oppgåva for arbeidsgruppa, seier Vibecke Hodnekvam.



Vik, Øygarden



Glesvær, Sund

Arbeidet med lokaldemokrati og identitet er i gang

Arbeidsgruppa for lokaldemokrati og identitet har denne våren arbeidd med mandat, budsjett og konkrete tiltak for å involvera innbyggjarane.

I mars vart det arrangert frivilligforum i alle dei tre kommunane. Her vart lag og organisasjonar utfordra til å koma med forslag til aktivitetar som kan knytast opp mot arbeidet med å skapa ein identitet til den nye kommunen. Den 4. juni var 30 personar samla til felles friluftslivsforum. Arbeidsgruppa ønskjer å byggja arbeidet med lokaldemokrati og identitet på eksisterande aktivitetar i det frivillige arbeidet i kommunane. På nettsida til Nye Øygarden kommune kan du koma med innspel til arbeidsgruppa.

Andre aktuelle aktivitetar i 2018 er idrettsforum, kultur-

forum, ungdomshøyring og Øygardskonferansen i november.

Undersøking

I midten av juni vart det gjennomført ei nettbasert barometerundersøking der innbyggjarane i dei tre kommunane vart utfordra til å delta.

- I denne undersøkinga vart det mellom anna stilt spørsmål knytt kultur og identitet og korleis folk deltek i lokalt organisasjonsarbeid. Eg er spent på resultatet, seier leiar i arbeidsgruppa, Tom Georg Indrevik.



IKT er i godt gjenge

IKT- avdelingane i dei tre kommunane har jamlege møte seg imellom. Sidan 2016 har avdelingane prøvd å koordinera aktiviteten så mykje som mogleg.



Google-prosjektet i Fjell, Sund og Øygarden er eit eksempel på det.

- Det er no etablert eit felles skuledomene for dei tre kommunane hjå Google – Oygardenskule.no. Alle elevane og lærarane i dei tre kommunane er no samla i same «sky», totalt 6463 brukarar. Ein standardiserer no på Google sitt G-suite-verktøy som eit ledd i digitaliseringa av skulane i Nye Øygarden kommune, seier leiar i arbeidsgruppa som arbeider med IKT og infrastruktur, samordna løysingar og system for Nye Øygarden kommune, Jørgen Kausland. IKT-avdelingane har og tatt i bruk ein ny namnestandard. Det vil seia at alt utstyr som vert levert ut, får nytt felles namn.

- Det var viktig for oss å få dette på plass tidleg slik at vi kan unngå namnekonfliktar på utstyr når alt skal samlast i 2020, seier Kausland.

Deler arbeidet opp i tre prosjekt

IKT har etablert tre prosjekt; server og infrastruktur, sak/arkiv-system og økonomi/HRM-system. (HRM: Human Resource Management). Det vert arbeidd etter den tilrådde modellen til KS for digital samanslåing.

- Innanfor server og infrastruktur har vi arbeidd med ny rammeavtale for lisensar og nettverksutstyr. Kontrakt for lisensar er tildelt, og nettverksutstyr er signert og i hamn. Vi arbeider med ein rammeavtale for serverutstyr. Denne avtalen ligg ute på Doffin og har svarfrist 16.juni, opplyser Kausland.

Målet er å få på plass ny teknisk infrastruktur for den nye kommunen i løpet av september 2018. Dersom vi klarer det, vil det vera mogleg å etablera fagsystem for den nye kommunen i løpet av januar 2019. Arbeidet med å kartleggja telefonisystema i dei tre kommunane er starta opp.

Innanfor prosjektet sak/arkiv system vert det arbeidd med

å etablera kravspesifikasjon for nytt system. Dette systemet må ut på anbod. Det er henta inspirasjon frå kravspesifikasjonen til Sandefjord kommune. Gruppa er kome godt i gang og har hatt som mål å ha klart ein kravspesifikasjon i løpet av mai månad.

- Ønsket frå arkiv-gjengen er at nytt sak/arkiv-system er på plass til januar 2019, fortel Kausland. Innanfor prosjektet økonomi/HRM kartlegg ein dei forskjellige prosessane i dei tre kommunane.

- Vi prøver å få oversikt over oppgåvene for å kunna laga eit «as is» bilete. Målet er å få ei god oversikt slik at ein kan plukka ut dei gode rutinane og etablera eit «to be» - bilete. Målet er at systemet er på plass til januar 2019, seier Kausland.

Her er medlemene i arbeidsgruppene innan IKT:

Server og infrastruktur - prosjektgruppe

Jørgen Kausland	prosjektleder (<i>Sund kommune</i>)
Randi Grimstad	IKT (<i>Fjell kommune</i>)
Atle Klausen	IKT (<i>Fjell kommune</i>)
Jarle Sandmo	IKT (<i>Øygarden kommune</i>)
Vegard Espeland	IKT (<i>Sund kommune</i>)

Sak arkiv - Prosjektgruppe

Grethe Oen	prosjektleder (<i>Øygarden kommune</i>)
Birte Young	arkivleder (<i>Øygarden kommune</i>)
Eva Marit Telle Hamre	arkivleder (<i>Sund kommune</i>)
Kristine Melsbø	arkivleder (<i>Fjell kommune</i>)

Økonomi/HRM - Prosjektgruppe

Kjell Fyllingen	prosjektleder (<i>Fjell kommune</i>)
Hege Stubbhaug	prosjektleder kartlegging (<i>Fjell kommune</i>)
Kaja Pedersen	personal (<i>Sund kommune</i>)
Linda Rong Jacobsen	løn (<i>Øygarden kommune</i>)
Heine Kleppe	økonomi (<i>Fjell kommune</i>)
Rune Karstensen	IKT (<i>Fjell kommune</i>)



Hummelsund, Sund

Sluttbehandlar sak om eigarskapsmodellar 18. juni

Sluttrapporten frå utval for eigarskapsmodellar vart behandla første gong av fellesnemnda 16. april. Rapporten vart vedteken sendt ut på høyring til kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden. Vidare vart rapporten med høyringsbrev sendt ut til dei største selskapa, fagforeiningane og tillitsvalde knytt til selskapa. Høyringa vart også kunngjort i Vestnytt.

Dei tre kommunestyra har kome med sine tilrådingar. Mykje er felles, men kommunane har også sine egne merknader og innspel. Vidare har det i alt kome inn åtte uttalar frå selskap, fagforeiningar m. fl. Desse er frå Trigger Jobb AS, FjellVAR AS, Gode Sirklar AS, Vest Næringsråd, Fagforbundet, NITO, Fjell bustadkontor og CCB AS.

Nokre tema går igjen i fleire av uttalanene. Det gjeld

organisering av renovasjonstenesta, korleis kommunen sine ulike eigedomar innan næring, utleige og ordinær drift skal forvaltast, som kommunal eining, kommunalt føretak eller gjennom nyoppretta aksjeselskap. Kommunestyra er opptekne av at delar av desse spørsmåla må greiast ut vidare før endeleg vedtak vert fatta.

Høyringsuttalane er lagt til ei mappe på [http: www.nyeoygardenkommune.no/hoyringar/](http://www.nyeoygardenkommune.no/hoyringar/) og er tilgjengelege for alle interesserte og involverte.

Prosjektrådmannen i Nye Øygarden kommune vil samla og systematisera alle uttalanene som er komne inn og presentera desse i følgjesaka til sluttrapporten som fellesnemnda skal behandla i sitt møte 18. juni.

Studietur til Danmark

Det handla om lokaldemokrati, innbyggjarservice og digitalisering i helse og omsorg då fellesnemnda, rådmennene i dei tre kommunane og representantar frå dei tillitsvalde, var på ein to dagar lang studietur til København i slutten av mai.

Deltakarane på turen fekk mellom anna høyra kommunaldirektør i Gentofte kommune, Frank E. Andersen, som orienterte om nyvinninga oppgåveutval. Sidan 2015 har kommunen oppretta 23 mellombelse utval samansett av 10 innbyggjarar og fem politikarar. Desse utvala drøftar forskjellige samfunnstema og tiltak og legg fram innstilling til endeleg vedtak i kommunestyret (kommunebestyrelsen). Gentofte kommune ligg like sør for København og har 75 800 innbyggjarar.

- Med denne ordninga har vi mindre hierarki, færre møte og ein meir ad hoc-prega struktur som vi opplever gjev meir innovasjon. I oppgåveutvala er politikarane og innbyggjarane saman om å utføra politikkutvikling. Dette er ikkje politisk styring, men politisk leiarskap, forklarte Andersen.

Leiar av fellesnemnda Kari-Anne Landro seier at det var eit godt fagleg program på studieturen. Ho understrekar også kor viktig det er at representantar frå dei tillitsvalde var med på turen til København.



Forlandsvåg, Sund

Ny leiar i fellesnemnda

Fredag 1. juni overtok ordførar i Øygarden, Børge Haugetun, leiarvervet i fellesnemnda. Kari-Anne Landro, som har leia fellesnemnda sidan oktober overleverer her stafettspinnen.

- Det har vore til dels krevjande prosessar for fellesnemnda, men Kari-Anne Landro har leia dette arbeidet på ein svært god måte, seier den nye leiaren, Børge Haugetun.



Alvheim, Øygarden



Overordna administrativ organisering: Leiarane i kommunane og prosjektrådmannen ønskjer to-nivåmodell

30 leiarar og tillitsvalde i dei tre kommunane var i midten av mai samla på leiarsamling for å drøfta den overordna administrative organiseringa av Nye Øygarden kommune. Det er semje om at den nye kommunen bør organiserast i ein to-nivåmodell med kommunalsjefar. Dette samsvarar også med tilrådinga frå dei tre rådmennene.

Prosjektrådmann Rune Lid er godt nøgd med den to dagar lange leiarsamlinga.

– Eg opplever at vi er godt i gang med prosjektet.

Deltakarane gav uttrykk for at dei var glade for at samlinga var godt førebudd og at eg som prosjektleiar ved innleiinga av samlinga var tydeleg på forventningar og at vi no må rekna oss som ein kommune, seier Rune Lid når han skal summera opp dei to dagane.

I kommunal samanheng snakkar vi gjerne om to «skular» når det gjeld organisering; etatsjefmodell og to-nivåmodell. Deltakarane på leiarsamlinga var tydelege på at ein tradisjonell etatsjefmodell er uaktuell for Nye Øygarden kommune. I gruppearbeidet brukte deltakarane mykje tid på korleis ein skulle innretta to-nivåmodellen og kor mange kommunalesjefar/avdelingar det bør leggjast opp til.

Tema i drøftingane har også vore korleis ein skal sikra målsetjingar som samordning på tvers, brukarbehov, nærteneprinsippet, effektiv drift og nyskaping. Etter fellessamlingane, var det god tid til gruppemøte. Gruppene som var miksa godt saman når det gjeld arbeidsområde og kommunar, presenterte så sine forslag til overordna administrativ organisering.

To-nivåmodell med kommunalsjefar

Det er semje om at den nye kommunen skal leiast av ei gruppe med kommunalsjefar med rådmannen i spissen. Dette kan reknast som nivå ein. Leiarane og dei tillitsvalde

i dei tre kommunane er samde om å tilrå ein to-nivåmodell med tre eller fire arbeidsområde med kommunalsjef som leiar av kvart område.

To av arbeidsgruppene hadde forslag om seks kommunalsjefar, medan den tredje arbeidsgruppa føreslo fem kommunalsjefar i leiargruppa til rådmannen. Med andre ord tenkjer leiarane og dei tillitsvalde i dei tre kommunane svært likt om hovudlinjene i den overordna administrative leiinga.

I etterkant av samlinga sende rådmennene ut sitt framlegg til organisering på høyring. På grunnlag av dette skal prosjektrådmannen gje endeleg innstilling til fellesnemnda som vedtek den overordna administrative organiseringa av Nye Øygarden kommune.

Oppglødde deltakarar

Skal vi tru det som vart sagt ved avslutninga av leiarsamlinga, var det oppglødde leiarar og tillitsvalde som takka for seg etter to dagar med administrativ organisering som tema. Fleire gav uttrykk for glede over at prosjektrådmann Rune Lid sette ein standard som var tydeleg om målsetjingar og forventningar då han innleia samlinga. Dei som var skeptiske på førehand, stadfesta at dei var meir optimistiske etter å få drøfta dette viktige temaet med kollegaer frå dei andre kommunane. Fleire av deltakarane var overraska over at det var såpass stor semje om korleis ein bør organisera den nye kommunen.



Her er innstillinga frå prosjektrådmannen

Prosjektrådmann Rune Lid rår til at fellesnemnda vedtek ei organisering på nivå 1 med rådmann og fem kommunalsjefar; tre for tenesteområda og to for stab- og støttefunksjonar. Dei tre tenesteområda er 1) oppvekst, 2) helse og velferd og 3) kultur og samfunn.

Dei to støttefunksjonane vert leia av kommunalsjef for organisasjon og digitalisering og kommunalsjef for økonomi. Fase 2, som handlar om resten av organisasjonen og leiinga, vert behandla seinare.

Saka om overordna administrativ organisering (nivå 1) for Nye Øygarden kommune vert lagt fram for partssamansett utval (PSU) den 12. juni og endeleg behandla i fellesnemnda den 18. juni.

Nye Øygarden kommune markerte seg på erfaringskonferanse

11. og 12. april arrangerte Kommunal- og moderniseringsdepartementet, KS (fellesorganisasjon for kommunane) og forhandlingssamanslutningane (LO-Kommune, Unio, YS-Kommune og Akademikerne Kommune) konferansen «Erfaringsseminar om å byggja nye kommunar».

Konferansen vart arrangert på Gardermoen og var ein av fleire samlingar som har vore arrangerte knytt til arbeidet med kommunesamanslåing.

Personalsjef i Fjell, Lisbeth Grosvold, personalsjef i Sund, Kaja Pedersen, og hovudtillitsvald i Utdanningsforbundet, Vibecke Hodnekvam, frå Øygarden snakka om omstilling og arbeidsrettslege problemstillingar. Bestillinga for oppdraget var: «Gode prosessar for inkludering og medverknad og forventningar til tillitsvalde».

Deltakarane frå Nye Øygarden kommune valde å ta utgangspunkt i korleis ein til no har jobba med arbeidsgjevarpolitikk og med særleg fokus på arbeidet med omstillingsavtale og nye personalreglement for den nye kommunen. Samstundes var det viktig, og heilt naturleg, å ha med ein tillitsvald når ein skulle snakka om inkludering og medverknad.

I eit fint samspel som vart lagt opp som eit intervju, delte vi erfaringar frå kvardagen i samanslåingsarbeidet så langt. Vi snakka om viktige faktorar for å lukkast med samarbeidet med dei tillitsvalde, mellom anna god førebuing, forventningsavklaring, behovet for ein plan, gjensidig respekt samt tid og rom for diskusjon. Gjennom samtalen gav vi praktiske eksempel for å visa korleis vi har jobba for å få dette til. Vi trakk mellom anna fram at

Vibecke Hodnekvam som hovudtillitsvald har leia arbeidsgruppa som har jobba med reglement.

Nokre i salen stilte spørsmål ved om det var mogleg, men vi sa «kvifor ikkje?». Andre i salen gav uttrykk for at dei syntest det var ein spennande tanke. Vi snakka og om utfordringar undervegs. Eit døme er kva ein ser på som «nok tid» til førebuing og diskusjon. Det er ikkje alltid slik at arbeidsgjevar og dei tillitsvalde er samde om det. Ein havnar ofte i eit krysspress mellom omsynet til framdrift og omsynet til god medverknad.

Erfaringa vi gjorde oss på samlinga var at temaet engasjerer folk, anten dei er representantar for arbeidsgjevar eller tillitsvald. Å ta seg tid til å snakka om involvering og medverknad i praksis gjer at ein kanskje får nokre nye tankar om korleis ein skal jobba med samarbeid. Ei anna erfaring er at det er gøy å dela erfaringar, og ikkje minst: det gir god næring til vårt vidare arbeid med bygging av Nye Øygarden kommune!

Leiar av fellesnemnda Kari-Anne Landro og Vigeik Brekke deltok også med innlegg på erfaringsseminaret. Temaet her var «Innbyggjarinvolvering, kva erfaringar har vi?». Dei som deltok på dette delseminaret var særleg opptekne av korleis ein kan involvera ungdomen i arbeidet med å byggja ein ny kommune.

Kaja Pedersen



Følgjer opp vedteken omstillingsavtale

Omstillingsavtalen vart vedteken i partssamansett utval den 17. april. Avtalen seier noko om korleis ein skal ta hand om det overordna arbeidsgjevaransvaret i dei tre kommunane i prosessen med kommunesamanslåing.

Personalsjefane jobbar i samråd med den nye prosjektleinga vidare med oppfølginga av omstillingsavtalen. Mellom anna skal ein konkretisera vidare prosessar for rekruttering av nye leiarar til kommunen. Dette må sjåast i samanheng med arbeidet knytt til overordna administrativ organisering. Dei fyrste som vert rekrutterte som tilsette i Nye Øygarden kommune vert toppleiarane. Prosjektleinga tek sikte på at dei skal vera på plass innan utgangen av august.

Vidare vert det arbeidd med å planleggja prosess for kartlegging av tilsette, oppretting av ei felles stillingsgruppe for dei tre kommunane og ikkje minst korleis ein skal og bør møta informasjonsbehovet til dei tilsette.

Omstillingsavtalen vert om kort tid lagt ut på nettsida til Nye Øygarden kommune.

Samarbeidsavtale mellom Øygarden kommune og FjellVAR

Etter inngått avtale tok FjellVAR frå 1. mai over drifta av vatn, avløp og renovasjon i Øygarden kommune. Henting av avfall vil halda fram som før, og abonnentane vil ikkje merka noko til overgangen.

Søk opp FjellVAR sin tømmekalender i App Store eller Google Play. Vel Øygarden eller Fjell kommune ved installasjon. I appen ligg informasjon om gjenbruksstasjonen, returpunkt og tømmekalender.



Lerøy, Sund



Langøyna, Fjell

Klart for sluttbehandling av politisk styringsstruktur

Fellesnemnda skal på møtet den 18. juni behandla sluttrapporten frå utval for politisk styringsstruktur. I rapporten er det lagt til grunn ein organisasjonsmodell med formannskap, to hovudutval og kontrollutval.

Rapporten vart første gong behandla i fellesnemnda den 16. april. Det vart vedteke å senda rapporten på høyring i dei tre kommunane. Kommunestyra i dei tre kommunane slutta seg til hovudlinjene i sluttrapporten med ein modell med formannskap, to hovudutval og kontrollutval. Etter at rapporten har vore til høyring og behandla i dei tre kommunestyra, ligg han altså no klar for sluttbehandling i fellesnemnda. Marianne Sandahl Bjørøy har leia utvalet som har utarbeidd rapporten.



Kontaktinformasjon

Rune Lid, prosjektrådmann

Tlf.: 55 09 77 29

E-post: rune.lid@nyeoygardenkommune.no

Vigleik Brekke, redaktør

Tlf.: 915 81 107

E-post: vigleik.brekke@nyeoygardenkommune.no



Vik, Øygarden



Arbeid med reglement og løn

Hovudtillitsvald for Utdanningsforbundet i Øygarden, Vibecke Hodnekvam, har teke på seg ei krevjande oppgåve.



IKT er i godt gjenge

IKT-avdelingane i dei tre kommunane har jamlege møte seg imellom. Sidan 2016 har avdelingane prøvd å koordinera aktiviteten så mykje som mogleg.